



NATURVERNFORBUNDET HORDALAND  
Bryggen 23, Jakobsfjorden 4. etg.  
5003 BERGEN

Dato: 26.03.2018  
Vår ref.: 2017/14885-17  
Saksbehandlar: talhals  
Dykkar ref.:

Att. Synnøve Kvamme

## Tilsegn om tilskot til lokale miljø- og klimatiltak

Vi viser til søknaden dykkar dagsett 15.02.18. Vi er glade for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 150 000 til Plastjakten. Tilskotet er ein del av Klimaplan for Hordaland sitt handlingsprogram for 2018.

**Utbetaling føreset innsending av signert akseptskjema innan tre veker. Tilsegna gjeld til 30.06.18.**

### 1. Prosjektgrunnlag

#### Overordna mål

- «- Inspirere til engasjement og tilrettelegge for frivillig innsats i arbeidet mot plastforsøplingen.
- Være en samlende kraft og samarbeidspartner.
- Samle og formidle kunnskap om plastproblematikken og løsninger.
- Spore ansvarlige virksomheter og drive påvirkningsarbeid mot disse.»

#### Enkel skildring av prosjektet

«Frivillige vil bl.a fotografere plast-funnene og samle dem på Facebook-gruppen "2-minutters strandrydding". Vi vil gjennomføre en systematisk kartlegging av biologisk nedbrytbare alternativer til plast. Som del av "Arven etter plasthvalen" vil vi gjennomføre opprydding og plastkonferanse på Sotra den 25.-26. april. Dokumentasjon vil bidra til å spore ansvarlige virksomheter, som vi vil gå i dialog med for å redusere plastforbruket. I dag er det flere som kartlegger plastavfallet de rydder, men informasjonen er ikke samlet og åpen for alle. Dette vil vi samle på plastjakten.no, som også vil bli en kanal for kunnskapsformidling og digitalt engasjement.»

### 2. Prosjektorganisering

Fylkeskommunen sin kontaktperson er Synnøve Kvamme i Naturvernforbundet Hordaland.

### 3. Vilkår for tilskotet

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjekta er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

### Utbetaling

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune.

Elektronisk fakturaadresse til Hordaland fylkeskommune: 9908:938626367

Aksesspunkt: *Visma*

Saksnr.: 2017/14885

Ressursnr: 20920

Meir informasjon finn de her: <http://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/innkjop-og-faktura/>

## 4. Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

## 5. Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Tale Halsør, e-post [tale.halsor@hfk.no](mailto:tale.halsor@hfk.no), telefon 922 066 75.

Fylkeskommunen ønskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sondbø  
Klima- og naturressurssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Anne-Grethe Stenhjem

Vedlegg

1 Akseptskjema